

Sak	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering	
Dato utsendt på høyring	21.11.16	
Sak Høyringsfrist	Leiing og fagleg organisering (16/05229) – delprosjekt i hovudprosjekt 2 Fagleg og administrativ organisering 9.12.16	
Send høyringsinnspel til	post@hib.no ; postmottak@hsh.no ; post@hisf.no	
Bakgrunn for saka	<p>Avgjerd om leiing og fagleg organisering er sentralt i forminga av HVL. Delprosjektgruppa fekk i mandat å legge fram forslag til organisering av den faglege verksemda på nivå 1 og 2, samt prinsipp for nivå 3. Delprosjektgruppa legg i vedlagte rapport fram sine vurderingar og alternative løysingar. I vedlagte høyringsbrev framgår dei sentrale spørsmåla, og dei er også løfta fram som eigne punkt i dette skjemaet.</p> <p>Høyringa vert sendt ut til avdelingar og administrative einingar, til dei tilsette sine organisasjonar og studentparlamenta, og ein ber om at einingane svarer samla (Innspel frå underliggjande einingar/miljø følgjer som vedlegg).</p>	
Ansvarleg	Prosjekt Fagleg og administrativ organisering – Delprosjekt Leiing og fagleg organisering	
Utsendar	Prosjektsekretariatet	

Høyringsinstans	Avdeling for samfunnsfag, Høgskulen i Sogn og Fjordane Dekan Anne-Grethe Naustdal
Prosess bak høyringsinnspelet	Høyringa byggjer på fylgjande innspel og drøftingar: <ul style="list-style-type: none">• Instituttmøter ved Institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie, Institutt for økonomi og administrasjon og Institutt for samfunnsvitskap.• Møte i avdelingsadministrasjonen• Utdanningsmøter og møter med nokre programansvarlege• Personalmøte• Munnlege og skriftlege innspel frå tilsette ved avdelinga

Høyringsinnspel frå Avdeling for samfunnsfag:

Avdeling for samfunnsfag har utarbeidd høyringsfråsegna i tre delar. Bakgrunn for dette er den faglege samansetjing i dagens avdeling. Avdeling for samfunnsfag vart skipa i 2011. HiSF var då gjennom ein OU-prosess. Tal avdelingar vart redusert gjennom samanslåing av Avdeling for økonomi og administrasjon og Avdeling for samfunnsfag. Avdelinga har ei brei fagleg samansetjing med 10 ulike bachelorprogram, 3 årsstudium, 2 vidareutdanningar innan helse- og sosial, ei masterutdanning i organisasjon og leiing og samarbeid om masterutdanning i samhandling for helse- og sosialtenestene. Faglege bidrag til utdanningar ved andre avdelingar utgjer i tillegg ein stor del av vår verksemd.

Avdelinga har tre institutt;

- **Institutt for barnevern, sosial arbeid og vernepleie** med bachelorutdanning i vernepleie (heiltid og deltid), barnevern og sosialt arbeid
- **Institutt for økonomi og administrasjon** med bachelorutdanning i eigedomsmekling, økonomi og administrasjon, økonomi og jus, reiselivsleiing og frå hausten har vi også bachelor i natur- og opplevingsbasert reiseliv.
- **Institutt for samfunnsvitskap** med masterutdanning i organisasjon og leiing, bachelorutdanning i historie og i sosiologi – ungdomssosiologi.

Vi har tre tverrgående profilområde for forskings- og utviklingsarbeid:

- Regional nærings- og samfunnsutvikling

- Velferdsstatens tenester
- Verdiskaping og innovasjon

To av HiSF sine strategiske forskingsprogram ligg til avdelinga; Kunnskapsleing i førstelina og Samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor. Desse to forskingsprogramma vert i frå januar 2017 samanslått under ein ny felles paraply med namnet Innovasjon og kvalitet i offentleg tenesteyting og styring. Pr. d.d. har vi 1200 studentar, ca. 80 tilsette i fagstillingar og 7 tilsette i avdelingsadministrasjonen.

Vi legg her fram høyringsinnspela til kvar av avdelinga sine tre institutt:

INSTITUTT FOR ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

INSTITUTTLEIAR LEIF LONGVANES

1. Innleiande kommentar

Ved Institutt for økonomi og administrasjon (IØA) har fagleg organisering vore drøfta heilt sidan vedtaket om fusjon vart gjort i juni 2016. Interesse til spørsmålet er truleg større ved IØA enn i ein del andre miljø på HiSF, då dei store profesjonsutdanningane (helse, lærar og ingeniør) langt på veg har kunne føle seg trygge på ei fagleg organisering i tråd med det som eksisterer i dag ved dei tre institusjonane.

Økonomi- og administrasjonsmiljøa (øk.adm.) ved dei tre institusjonane var samla i Ullensvang 6.-7. september 2016. Sjølv om det var andre saker som var i fokus (fagutvikling og samarbeid), så var det ikkje mogleg å kome utanom fagleg organisering. Eit samla fagmiljø (øk.adm. ved dei tre institusjonane, org. og leing ved HiSF og nautikk ved HSH) kom fram til at eit eige fakultet for desse fagmiljøa ville vere i tråd med ambisjonane til HVL (*Høgskulen på Vestlandet skal ha eit nært samarbeid med samfunns-, arbeids- og næringsliv, og yte bidrag til regional, nasjonal og internasjonal kunnskapsutvikling*) med ein leiar/dekan som kan ivareta og vidareutvikle kontakt mot næringsliv innanfor våre kunnskapsområder. Vi viser her også til Fusjonsplattforma som seier følgjande: «*Andre sterke fag og utdanningar skal ha gode utviklingsmoglegheiter i Høgskulen på Vestlandet*»

Det vart sendt eit brev til prosjektleiar Wiggo Hustad med konklusjonane etter møtet i Ullensvang, utan at det er råd å finne igjen noko av innspela i «Høyringsnotat- Leing og fagleg organisering». Det er etter vårt syn **klårt kritikkverdig** at slike grasrotinnspel (frå eit fagmiljø som utgjer 80-100

tilsette) ikkje vert vurdert i rapporten. Dette bryt klårt med fusjonsplattforma sin intensjon om medverknad:

*«Arbeidet med fagleg profil, faglege satsingsområde og organisering av Høgskulen på Vestlandet skal starte hausten 2016 med god forankring blant tilsette, studentar og arbeidslivet i alle dei tre nærregionane. Leiinga på ulike nivå får eit særskilt ansvar for å bidra til å mobilisere og aktivisere miljøa slik at utviklinga av Høgskulen på Vestlandet får god forankring og er **prega av medverknad.**»*

Vidare er eit fjerde fakultet ikkje fullstendig utgreidd i Rapporten frå Hustad-utvalet, og dei fagmiljøa som kunne sokne til eit slikt fakultet er ikkje gjennomgåande vurdert. I den grad eit fjerde fakultet er omtalt, så er det med hensikt å gjere det så lite, fragmentert og unnsleg at avstanden til dei «store og robuste» vert forsterka. Det er svakt at ei slik utgreiing ikkje både kan sjå på eit maksimums fjerde fakultet (t.d. samfunns- og sosialfag) og kva ein fem fakultetsmodell ville kunne innehalde. Vi meiner difor at prosjektgruppa ikkje svarer på krava til utgreiing som ligg i fusjonsplattforma:

I samband med utgreiinga av den faglege organiseringa skal det særskilt vurderast korleis disiplinmiljøa best kan vidareutviklast og styrkje den faglege profilen til Høgskulen på Vestlandet.

Oppsummert (brot på fusjonsplattforma):

- Innspel frå fagmiljøa er ikkje teke omsyn til
- Utgreiinga er for svak på vurdering av eit fjerde fakultet og disiplinmiljøa

2.Fagleg organisering - prinsipielle modellar

IØA har ingen prinsipiell haldning til organisering etter dei tre prinsippa kunnskapsområde-, profesjons- og vitskapsområde/disiplinprinsippet utover at fagleg organisering må lagast kring hovudaktivitetane våre (utdanning og forskning) og at namnet på avdelingane må tydeleg seie noko om kva utdanningar (og forskning) ein kan forvente på avdelinga. IØA er skeptiske til å bruke avdelingsnamn til å fortelje ei historie om kva ein ønskjer å bli (visjon) og vi meiner at det er dagens produksjon/aktivitet som skal fastsette namnet på avdelinga. Nokre av forsøka på namnsetting i rapporten er såleis ikkje presise nok på dagens hovudaktivitet, og både interne og spesielt eksterne vil i liten grad få ønska informasjon frå avdelingsnamnet (som t.d. omgrep som mangfald og bærekraft).

Øk.adm.-utdanningane (medrekna reiseliv og eigedomsmekling) utgjer til saman eit betydeleg miljø i HVL. Utdanningane har ei betydeleg regional rolle, og utdannar kandidatar til eit lokalt næringsliv (og forvaltninga). I Sogn og Fjordane har utdanninga ei lang historie (35 år) og for regionen har den vore svært viktig for næringslivet. Avdelinga som dette miljøet vert ein del av, må ha eit namn der det tydeleg går fram at det vert utdanna kandidatar (og at det er blir drive med forsking) innan økonomi og administrasjon (Business Administration). Det vert og ei vidare drøfting av dette under fagleg organisering på nivå 2 under her.

Oppsummert:

- Namnet på den avdelinga som økonomi- og administrasjonsmiljøet skal vere ein del av, må ha namnsetting som syner aktiviteten innan økonomi og administrasjon

3.Fagleg organisering på nivå 2

3.1 Frå avdeling (eller frå distriktshøgskule) til nivå 4

Som det går fram av Høgskulesoga til Gunnar Yttri har øk.adm.-utdanninga vore ei sentral utdanning i Sogn og Fjordane og ein viktig grunn til at det fortsatt er høgskuleutdanning i Sogndal. Ved etableringa av øk.adm.-utdanninga i Sogndal på midten av 80-talet fekk distriktshøgskulen ein oppsving og dette la grunnlaget for at ein kunne vidareutvikle SFdh og starte med nye (profesjons-) utdanningar. Frå fusjonen i 1994 og fram til OU-prosessen i 2011 så var øk.adm.-miljøet ei eiga avdeling. Ved samanslåinga med «gamle» ASF og opprettinga av Institutt for økonomi og administrasjon har den strategiske plasseringa av øk.adm.-miljøet vorte redusert. Faglege gevinstar i samhandling med «gamle» ASF har det vore lite av (fagleg går kontaktane våre i HiSF meir ut av ASF enn over instituttgrensene i ASF). Behovet for strategisk leiing av miljøet har ikkje minka i perioden, men tvert imot auka. Samarbeid med Vestlandsforskning og store forskingsprosjekt knyt til regional utvikling (t.d. reiselivsprogrammet) tilseier at fagmiljøet har må ha organisering og leiing på nivå 3, om ikkje vil dette fort kunne bryte med Fusjonsplattforma sin intensjon under fagleg organisering: *«Andre sterke fag og utdanningar skal ha gode utviklingsmoglegheiter i Høgskulen på Vestlandet».*

3.2 Handelshøgskulen på Vestlandet

IØA sitt primære standpunkt for fagleg organisering på nivå 2 er at det vert etablert ei avdeling «Handelshøgskulen på Vestlandet». Grunngevinga for dette inneheld fleire moment. For det første så vil øk.adm.-utdanninga ved HVL utan ei slik organisering vere den **einaste øk.adm. - utdanninga** langs kysten frå Oslo til Alta som **ikkje er organisert under ein handelshøgskule**. Dette

vil medføre ein betydeleg rekrutteringsutfordring for øk.adm.-utdanninga i Sogndal (og truleg og for Haugesund). Ungdom som søker seg til våre utdanningar kjenner handelshøgskuleomgrepet (internasjonalt er «business school» innarbeidd) og dette er i seg sjølv ein medverkande faktor til kvar ein søker seg. Det er svært merkeleg at Hustad-utvalet **ikkje har vurdert slike svært viktige strategiske og konkurransemessige tilhøve i innstillinga.**

For det andre så er det innanfor økonomisk- administrativ utdanning meir og meir fokus på internasjonal akkreditering. Våre studentar slit med å kunne gå vidare på masterutdanningar i utlandet og vi har problem med å få på plass samarbeidsavtalar (fagleg utveksling/FoU) med gode business schools utan slik akkreditering. Høyringsnotatet tek ikkje opp slike utfordringar som ein kunne forvente då Fusjonsplattforma seier følgjande:

*«Høgskulen på Vestlandet skal ha ei organisering som òg styrkjer forskingsposisjonen regionalt, nasjonalt og **internasjonalt**»*

og at HVL:

«skal vere offensiv internasjonalt gjennom forpliktande opplegg for mobilitet i alle utdanningssyklusar, fleksible ordningar for tilsettmobilitet og vere synlege internasjonalt gjennom auka ekstern finansiering av utdanning og forskning»

Hustad-utvalet er innom «Business school» drøfting som ei mogleg fagleg organisering på nivå 3. Problemet med det er at dei internasjonale akkrediteringsordningane (EQUIS, EPAS, EOCCS og AACSB) for business schools set krav om ein grad av autonomi (fagleg og økonomisk) som vi vanskeleg kan sjå føre oss at ein har på nivå tre.

Det har frå øk.adm.-fagmiljøet i Bergen blitt stilt spørsmålsteikn ved om det er noko prematurt å opprette ein handelshøgskule, både ved å vise til NHH (er alt ein handelshøgskule i Bergen) og at det verkar lite oppfinnsamt å kome opp med «landets siste handelshøgskule» (jamfør dei andre fusjonane i sektoren). IØA slutter seg ikkje til desse vurderingane (mellom anna har vi ein anna FoU-profil og konkurransesituasjon med omsyn til rekruttering) men vi meiner det ikkje er tida til å kjempe for ein «handelshøgskule» pr. i dag. Derimot er det svært viktig at den **faglege organiseringa er slik at ein kan ha som ambisjon å utvikle ein «Handelshøgskulen på Vestlandet» og søkje internasjonal akkreditering av denne i eit 10-års perspektiv.** Dette vil tydeleg syne at HVL har faglege ambisjonar for heile høgskulen, ikkje berre dei tradisjonelle profesjonsutdanningane.

3.3. Målkonflikt på nivå 2

I modellane til Hustad-utvalet er øk.adm.-miljøa plassert saman med ingeniørutdanningane. Dette er modellen som HSH og HiB har i dag, og har ein historisk grunngeving i at desse øk.adm.-miljøa har kome som følgje av at ingeniørutdanningane sine rammeplanar etter kvart krevde noko økonomisk-administrative fag. Størstedelen av norsk øk.adm.-utdanning kjem ikkje frå denne (ingeniør-)tradisjonen, men frå opprettinga av distriktshøgskulane frå 60-talet. Fagmiljøet og utdanningane i Sogndal er altså dei einaste i denne fusjonen som kjem frå ein dh-skule, i motsetning til alle andre fusjonar i sektoren som enten inneheld ein tidlegare stor distriktshøgskule eller eit universitet. Fagleg er det elles få ting som tilseier at øk.adm.-miljø og teknologi miljø høyrer til same avdeling, derimot er det svært sannsynleg at ei slik organisering vil medføre ei målkonflikt, basert på ulike fagtradisjonar og syn på fagleg innretning og satsing. Det er etter IØA sitt syn ikkje vårt fagmiljø som skal ta stilling til kor og kva type teknologi og ingeniørutdanning ein skal satse på i HVL, det må ei ingeniørutdanning vurdere sjølv. I dette ligg det og at forskjellen i storleik mellom øk.adm.-miljøet og ingeniørutdanningane vil forsterke denne målkonflikta. Vi tek og med her at desse fagmiljøa har ulike nasjonale fagråd (NRØA for øk.adm.) og ulike faglege miljø som utgjer spydspissane (NHH og BI for øk.adm. og NTNU for ingeniør og teknologi).

3.4. Framlegg til fagleg organisering av eit fjerde fakultet «økonomi og administrasjon og nære skyldfolk»

IØA har med argumentasjonen over, kome fram til at den (nest) beste faglege organiseringa på nivå 2 er oppretting av eit fakultet med økonomi og administrasjon og dei miljøa som elles ynskjer og vil ha fagleg utbyte av å vere med i ei slikt fakultet (jamfør uttalen frå Ullensvang). Modellen er mellom anna nytta ved Høgskolen i Sørøst Norge (dei er Handelshøgskule) der øk.adm.-miljøet har med seg ulike disiplinaryfag i ei avdeling. Det viktige for IØA (og mest truleg resten av øk.adm.-miljøa) er at denne faglege organiseringa bør legge til rette for ambisjonen om internasjonal akkreditering i eit 10-års perspektiv. Det bør og vere interessant for eit framtidig universitet at eit fagmiljø har ein slik ambisjon. Følgjande fagmiljø bør bli vurderte i høve til eit slik fakultet:

- Økonomi og administrasjonsmiljø ved dagens tre høgskular
- ISV ved HiSF
- Senter for nyskaping ved HiB
- Nautikk ved HSH
- Fornybar energi miljøet

I tillegg bør andre miljø t.d. naturfag må inviterast med.

Oppsummert :

- Det bør opprettast eit fjerde fakultet innan samfunnsvitskap med økonomi- og administrasjonsmiljøet
- Fagleg organisering bør legge til rette for at øk.adm.-miljøet kan få internasjonal akkreditering («business school») innan 10 år
- Det bør gjerast ei betre utgreiing i høve til aktuelle fagmiljø som kan inviterast med i eit fjerde fakultet

4.Fagleg organisering nivå 3

4.1. Leiarfunksjonar, grasrotleiing og nærmaste overordna

HiSF var gjennom ein OU-prosess 2010-2011. Tal avdelingar vart redusert gjennom samanslåing av Avdeling for økonomi og administrasjon og Avdeling for samfunnsfag. Hovudårsaka til at arbeidet med OU-prosessen vart sett i gang var 1)meir strategisk satsing på FoU og FoU-leiing, og 2) klårare leiarfunksjonar/grasrotleiarar. Det siste medførte at det vart oppretta «institutt» og at alle fagtilsette skulle ha ein instituttleiar med fulle fagleg og administrative fullmakter. Dette kom som følge av stor uro, lite strategisk personalutvikling og usynlege leiarfunksjonar i den gamle modellen med studieleiarar utan reelle verkemiddel for fagleg utvikling.

Frå IØA vert det sett på som svært uheldig, lite framtidsretta og strategisk uklokt og lage ein organisasjonsmodell som på nytt innfører eit nivå fire, der ein er tilbake til uklåre leiarfunksjonar. Om det er slik at ein må ty til slike modellar på svært store (homogene) utdanningar, så vil vi i alle fall argumentere for at det vert rom for ulike modellar på dei ulike avdelingane og at det så langt det let seg gjere legg til rette for at flest mogleg for ein instituttleiar som næraste overordna. Dette står ikkje i vegen for at det bør/kan vere oppgåvekoordinatorar (utvikling, utdanning, forskning mm) i/under institutta, men dette set ikkje til side behovet for klåre grasrotleiarar. Universitets- og høgskulesektoren er gjennomsyra av matrise- og prosjektorganisering. Med det som er sagt over, med klåre funksjonar på nivå 2 og 3, kan prosjekt (mellombels) og matrise (permanent) bli nytta for gitte oppgåver, både lagt under nivå 2 (dekan) og under instituttleiar på nivå 3.

4.2 Institutt og instituttleiarar

For IØA er fagleg organisering på nivå 2 så pass viktig og gjev så mange premisser, at det problematisk å ta stilling til nivå 3 organisering før fakultet er på plass. Det har heller ikkje vore tid og ressursar til å samsnakke med dei andre øk.adm.-miljøa, for å fremje eit felles syn på nivå 3

organisering. Primært ber vi derfor om at nivå 3 drøftingane vert utsett til fakultetsstrukturen er på plass.

Nokre prinsipielle synspunkt har vi likevel; for det første ønskjer vi institutt og instituttleiarar med fulle faglege og administrative fullmakter (resultateiningar). Hovudaktiviteten i ein høgskule/universitet er og skal vere i grunneiningane, og det er på dette nivået det trengst administrativ støtte. Studentar, fagtilsette og (i dei fleste tilfelle) eksterne samarbeidspartar møter utdanning og FoU på dette nivået og det bør vere eit fokus på administrativ støtte i tråd med «tett på»-prinsippet her. Vidare vil vi sterkt argumentere for at det på nivå 3 bør vere rom for variasjon mellom avdelingane. Dei store (homogene) profesjonsutdanningane har truleg andre behov for instituttorganisering, enn det ein finn ved våre utdanningar. Dette er og eit argument for å utsette nivå 3 til ein har fastsett avdelingsstrukturen, og ikkje minst i større grad involvere fagtilsette i organisering på nivå 3.

Oppsummert:

- Ein bør unngå å organisere fagleg aktivitet slik at det er behov for leiarar under nivå 3
- Fagleg organisering på nivå 3 vert utsett til avdelingsstrukturen er på plass
- Vi ønskjer opning for variasjon av organisering på nivå 3 og involvering av fagtilsette i arbeidet
- Institutt som er resultateiningar og instituttleiarar med personal-, budsjett- og resultatansvar
- God administrativ støtte til institutta

INSTITUTT FOR SAMFUNNSVITSKAP

INSTITUTTLEIAR GRETE NETTELAND/GUNNAR ONARHEIM

1. Innleiing

I sin rapport understreker delprosjektet «Leiing og fagleg organisering» følgjande:

«I rapporten har vi lagt vekt på å syne vårt grunnlag for drøftingane, i form av vår forståing for verksemdstypen og dei utfordringane den står i generelt, og dei spesielle utfordringane den nye høgskulen står framfor. Det viktigaste grunnlaget for å forstå ambisjonane ein hadde med fusjonen, og for å ta tak i desse utfordringane, ligg i fusjonsplattforma. Fusjonsplattforma er difor utgangspunktet for dei vurderingane vi har gjort, med omsyn til leiing og fagleg organisering. I drøftingane har vi også teke omsyn til trekk ved dei tre fusjonerande høgskulane, med omsyn til fag og storleik, samt dei innspela vi har fått undervegs i dialogen med sentrale interessentar. Rapporten drøftar først den faglege organiseringa, og legg fram ulike prinsipielle modellar for denne, før ein drøftar og presenterer framlegg til leiing på ulike nivå.» (s.3)

Også ISV har nytta fusjonsplattforma som eitt av utgangspunkta for denne høyringsfråsegna. Sidan instituttet er forankra i samfunnsvitskaplege disiplinfag, og sidan vi tilbyr samfunnsfaglege utdanningar og har høg samfunnsvitskapleg forskingsaktivitet regionalt, nasjonalt og internasjonalt, er følgjande punkt spesielt relevante:

- *Høgskulen på Vestlandet skal ha få og store einingar på nivå 2. I samband med utgreiinga av den faglege organiseringa skal det særskilt vurderast korleis disiplinmiljøa best kan vidareutviklast og styrkje den faglege profilen til Høgskulen på Vestlandet.*
- *Høgskulen på Vestlandet skal ha ei organisering som òg styrkjer forskingsposisjonen regionalt, nasjonalt og internasjonalt (Fusjonsplattforma, s.4).*

Utover dette tek vi utgangspunkt i at det i forhandlingane mellom dei tre fusjonerande høgskulane vart presisert at ein skulle opprette eit fjerde fakultet dersom relevante fagmiljø ønskte ei slik organisering. Ei slik organisering, basert på faglege argument, var avgjerande for at HiSF- styret gjekk inn for fusjon i styremøtet datert 9. juni, 2016.

Med utgangspunkt i føreliggjande høyringsrapport er vi invitert til å ta stilling til fakultetsinndeling (inkludert prinsipp for inndeling på nivå 3) og leiingsstruktur Dette svarer vi på i punkt 2 og 3 nedanfor. I tillegg vil vi i punkt 4 kome med innspel og tankar om korleis disiplinmiljøa frå vår side best kan utviklast i form av eit fjerde fakultet, fordelar og ulemper ved eit slikt fakultet og korleis det kan utformast. Dette er i liten grad er utgreidd i rapporten.

Delprosjektrapporten har vore handsama på instituttmøte på ISV 24. november 2016. Alle tilsette

har i tillegg vore inviterte til å kome med individuelle innspel i forkant og etterkant av møtet.

2.Fagleg organisering – val av modell

Høyringsnotatet framstiller valet av organisasjonsform som eit val mellom to prinsipielt ulike grunnmodellar for fagleg organisering, ein profesjonsmodell og ein kunnskapsområdemodell. Ut frå dette skisserer ein variantar av dei to reine modellane. Dette er etter vårt syn ikkje den mest fruktbare tilnærming til problemstillinga. Generelt ser vi i dag ei utvikling der organisasjonar som skal handtere ei kompleks omverd, der ein står overfor skiftande utfordringar, møter desse gjennom hybride organisasjonsformer. Ulike delar av verksemda blir organisert på ulikt vis, avhengig av kva slags oppgåver og utfordringar ein har. Denne utviklinga gjeld også institusjonar for høgare utdanning. Forskinga om universitetsorganisering i samtid og nær fortid peikar på samspelet mellom ei tradisjonell disiplinorientering og ei framveksande kunnskapsområdeorganisering som eit sentralt trekk ved utviklinga. Dei akademiske disiplinane medverkar i aukande grad i nye program og einingar, som er oppretta for å handtere nye utfordringar og samfunnsproblem. Den framstillinga av universitetsorganisering som nemnda/prosjektgruppa gjer i avsnitt 2.4, kunne med fordel ha trekt vekslar på nyare forskning om organisering av høgare utdanning i eit internasjonalt perspektiv.

Etter vår oppfatning må også HVL organisere seg på ein meir fleksibel og hybrid måte enn det som ligg i nemnda/prosjektgruppa si primære tilråding, ganske enkelt fordi den nye høgskulen må vere i stand til å ta seg av ulike oppgåver og utfordringar på ein god måte. Det springande spørsmålet er korleis ein skal organisere dei aktivitetane (t.d. studieprogram, forskingsprogram og ulike satsingsområde) som går på tvers av profesjonssektorane og krev samhandling mellom ulike disiplinar. Det er her at ein kunnskapsområdemodell har sine fordelar og bør takast i bruk. Når det gjeld val av modellar, er kunnskapsområdemodellen den som er å føretrekke. Den gjev rom for nytenking, tverrfaglegheit og kan lettare fremje gode synergjar som eit resultat av fusjonen slik også rapporten nemner (s. 25).

ISV meiner at kunnskapsområdemodellen er den mest spennande og er å føretrekke sidan denne i større grad enn profesjonsmodellen opnar for nyskaping, dynamikk og samarbeid på tvers. For ISV sine fagområde er det denne som passar best og som vi går inn for.

Kunnskapsområdemodellen kan etter vår meining kombinerast med ein profesjonsmodell dersom dette er ønskeleg for profesjonsfaga. Vi meiner at HVL gjennom ei meir fleksibel og hybrid organisering enn det som er nemnda/prosjektgruppa si primære tilråding, vil vere betre

i stand til å møte både store samfunns-utfordringar og ambisjonen om å bli eit universitet. Vi vil difor be nemnda/prosjektgruppa om å gjere ei nærare vurdering av ein hybrid organisasjonsmodell der profesjonsorganisering og organisering etter kunnskapsområde spelar saman for å møte nye og samansette utfordringar. Etter vårt syn har utgreiinga frå prosjekt fagleg plattform, profil og strategi gitt verdifulle innspel til korleis dette kan gjerast gjennom framstillinga av sentrale profilområde for HVL.

3.Fagleg organisering – tal fakultet

Høyringsnotatet (pkt 3.5) presenterer kunnskaps- og profesjonsmodellane, kvar av dei med to alternativ - alternativ A med 3 fakultet og alternativ B med 4 fakultet. Rapporten presiserer samstundes at disiplinlag som leverer faglege bidrag til profesjonsutdanningane anten vert del av fakultet ut frå gitte kriterier eller vert organisert som eige fakultet (alt B) med tydelege leveransekrav også til profesjonsutdanningane . Ei særskilt utgreiing av «korleis disiplinmiljøa best kan vidareutviklast og styrkje den faglege profilen til Høgskulen på Vestlandet» (jfr. Fusjonsavtalen pkt 4) med utgangspunkt i disiplinlaga sin faglege kompetanse, innretning på utdanningar, forskingsprogram, forskingsaktivitet og profileringsområde, er vanskeleg å spore. Det same gjeld ei reell drøfting og ein eventuell argumentasjon for eit fjerde fakultet. I staden argumenterer rapporten (og presentasjonen av denne på allmøtet 23.11.16) *mot* eit fjerde fakultet på bakgrunn av storleik - at eit slikt fakultet ikkje kan vera mindre enn det største instituttet ved dei andre fakulteta. Gjennom ei slik tilnærming unndrar prosjektgruppa seg ein reell diskusjon om eit fjerde fakultet. Den konkluderer i staden med følgjande: «Prosjektgruppa meiner at modellane med tre fakultet er å føretrekke også for disiplinlaga, ut frå både omsyn til fag og jamn storleik» (s.2).

Vårt syn er at ein treng eit fjerde fakultet for å utvikle og ta vare på dei tverrfaglege og nyskapande fagmiljøa i nye HVL. Eit vesentleg krav til det fjerde fakultetet må vere at det er bygd opp rundt ei form for matriseorganisering som medverkar til å skape sambandslinjer der fakultets- og instituttinndelinga lagar skilje. Ei slik organisering kan opne for nye mulegheiter for fagtilsette i profesjonsfakulteta, som ved å utføre oppgåver knytt til det fjerde fakultetet kan få høve til i større grad å arbeide med sine faglege spesialitetar. Dette igjen kan bidra til utvikling av nye forskingsområde regionalt, nasjonalt og internasjonalt, slik det er skissert i fusjonsavtalen punkt 4. Matriseorganisering er den forma som best kan fremje samarbeid mellom tilsette som har hovudoppgåvene knytt til profesjonsutdanningane og tilsette som i hovudsak er knytte til tverrgåande, kunnskapsområde-organiserte einingar og program. Gjennom ei slik organisering av fagmiljø som kan levera kompetanse til ulike profesjonsutdanningar, vil ein både kunne stimulere til fornying og kvalitetsheving i både disiplinlaga og i profesjonsfaga, samstundes som ein oppnår

at disiplinfaga vert synlege over profesjonsgrensene. Til saman har dei tre institusjonane som skal bli til nye HVL alt i dag ei rekke einingar, program og prosjekt som er tufta på samarbeid etter ein kunnskapsområdemodell. Samfunnsfag og historie, ikt-fag, natur- og miljøfag, økonomi- og administrasjonsfag, organisasjonsfag, leiing og innovasjon representerer alle denne typen fagmiljø innanfor HVL. Desse fagmiljøa held i dag oppe mindre eller mellomstore utdanningsområde, samstundes som dei er sentrale i ei rekke av nye HVL sine forskingsprogram. Dei kan danne kjernen i eit fakultet som blir viktig for HVL i framtida. Dei tverrgåande satsingsområda som er skisserte av prosjektet for fagleg profil, kan med fordel ha ein organisatorisk base i det fjerde fakultetet, sjølv om mykje av aktiviteten i satsingane vil gå for seg på tvers og innan andre fakultet. Eit fjerde fakultet var også spelt inn i førre innspelsrunde, utan at dette er reflektert i rapporten. Delprosjektet om fagleg profil har gitt eit viktig bidrag som kan danne utgangspunkt for ein diskusjon om utviklingsvegar og prioriteringar. I punkt 4 har vi difor skissert ein muleg modell for eit fjerde fakultet.

Som nemnt har prosjektgruppa brukt som argument mot eit fjerde fakultet at det fører til ulik storleik på fakulteta. Vi ser at argumentet om storleik vil kunne bli brukt i den nye HVL, t.d. i budsjettsamanheng, i kampen om ressursar, etablering av nye studietilbod og ved vektlegging av fakultetet sine synspunkt i leiar- og styringsfora. Slik sett ville det vore ønskjeleg at ikkje berre disiplinorienterte utdanningar (t.d. ungdomssosiologi, landskapsplanlegging og økonomi/administrasjon), men også profesjonsretta utdanningstilbod med ein samfunnsfagleg profil kunne vere ein del av eit fjerde fakultet. Tilrettelegging for eit lite/mindre fakultet i ein ny HVL bør likevel kunne handterast gjennom underliggjande strukturar og rutinar for utveksling av tenester. Vi kan difor *ikkje* sjå at storleik kan vere eit avgjerande argument for eller mot oppretting av eit fjerde fakultet. Også ved universiteta og fusjonerte høgskular er storleiken på fakulteta sterkt varierende. Å lage ei tenleg organisering for nyskaping og utviklingsarbeid som kan involvere store delar av HVL, er viktigare enn matematisk likskap i talet på tilsette mellom fakulteta. Ved å leggje til rette for ei tenleg organisering som støttar opp under utvikling av nye utdanningsløp og nye forskingsområde på tvers av profesjonar og disiplinær, vil ein også kunne styrke mulegheitene for at den nye HVL skal kunne bli ein reell konkurrent til UiB og andre universitet og høgskular i framtida.

- *ISV meiner at ein ny HVL ikkje er tent med berre 3 fakultet. For det første var aksepten for «eit fjerde fakultet» og den faglege argumentasjonen for ei slik løysing avgjerande for at HiSF- styret gjekk inn for ein fusjon i juni. Vi kan heller ikkje sjå at delprosjektet har gjort ei*

særskilt vurdering av korleis disiplinmiljøet best kan vidareutviklast og styrkje den faglege profilen i HVL slik fusjonsplattforma legg opp til. For det andre vil heller ikkje ei inndeling med 3 fakultet gi ei jamn fakultetsstorleik - det største fakultetet vil bli 50% større enn dei to andre (jfr. vedlegg 2 i rapporten). For det tredje vil løysinga med 3 fakultet kunne verke konserverande ved at den vert for lik dei modellane to av institusjonane har i dag. For det fjerde vil ei løysing med 3 fakultet ikkje leggje til rette for å lage ei tenleg organisering for nyskaping og utviklingsarbeid som kan involvere store delar av HVL. ISV går difor inn for eit fjerde fakultet (sjå punkt 4). Dette vil kunne stimulere til fornying og kvalitetsheving både i disiplinfaga og i profesjonsfaga, samstundes som ein oppnår at disiplinfaga vert synlege over profesjongrensene. Dette vil også kunne styrke HVL sine universitetsambisjonar. Vi ber difor prosjektgruppa/nemnda om å gjere ei nærare vurdering av eit fjerde fakultet bygd opp etter ein matrisemodell.

4.Fagleg organisering- innspel til eit fjerde fakultet

Rapporten legg til grunn at ein må sikre seg at modellen for organisering av HVL ikkje blir for lik dei modellane som i dag finst (s 2). Vidare vert det reist spørsmål om disiplinfaga si rolle i ein ny HVL vert ivareteke med tre fakultet. Som argumentert for ovanfor, meiner ISV at den nye HVL i liten grad bryt med dagens 3-avdelingsstruktur i HiB og HSH. Vi meiner og at den føreslegne organiseringa kan representere ein fare for at ein ikkje får tatt ut det potensialet som ein meiner ligg innebygd i fusjonen. Dette kan illustrerast med utgangspunkt i vedlegg 2 i rapporten, der ISV er lagt under Fakultet for læring, idrett, kultur- og samfunnsfag. Samstundes har dette instituttet kompetansar, utdanningar, forskingsprogram og forskingsaktivitetar som er sentrale og kan bidra til fornying også for Fakultet for helse- og sosialfag (t.d. masterprogrammet i organisasjon og leiing (helse- og velferdsleiing), bachelor i ungdomssosiologi og eit strategisk forskingsprogram for kvalitet i tenestene (samarbeid mellom helse, sosial og utdanning). Som nemnt ovanfor, vil denne fråsegna difor kome med eit innspel til eit fjerde fakultet, organisert slik at det opnar for at ressurspotensialet i fagmiljøet kan takast ut og kome heile den nye HVL til gode.

Vi tek utgangspunkt i at HVL ønskjer å bli ein nyskapande, sterk og kreativ Høgskule (på sikt universitet), som vil rette blikket mot framtidige samfunnsproblem innanfor profesjons- og arbeidsliv, men også eit breiare spekter av problemstillingar og spørsmål. Endringar i natur og samfunn vil krevje nytenking, samarbeid og utradisjonelle løysingar med omsyn til ressursbruk, organisering, styring og meiningsproduksjon. Framtidige problem vil gjere det naudsynt at fag som hittil har hatt mindre med kvarandre å gjere, no samordnar innsatsen både i forskning, undervisning, formidling og innovasjon. Eit fjerde fakultet, til dømes eit fakultet for natur,

samfunn og økonomi, vil ha gode føresetnader for å gå inn i, og bidra med løysingar på slike utfordringar.

Den nye høgskulen må få til kvalitet gjennom samarbeid mellom alle fakulteta. Men ei realistisk vurdering tilseier at brorparten av den faglege aktiviteten vil skje innanfor og ikkje mellom dei ulike fakulteta. Dei svært store fakulteta som det er lagt opp til medverkar sterkt til ei slik innramming av aktiviteten. Vi meiner at eit fjerde fakultet med den organiseringa vi foreslår ovanfor, vil ha særskilte føresetnader for å unngå ei slik fagleg innkapsling. Fagmiljøa i dette fakultetet har i utgangspunktet færre bindingar til profesjons- eller sektorinteresser, og dei er i mindre grad gjenstand for regulering frå politiske styresmakter (gjennom rammeplanar eller skiftande «satsingar»). Desse forholda vil gjere eit slikt fjerde fakultet (t.d. eit Fakultetet for natur, samfunn og økonomi) meir fleksibelt, meir innovativt og vitskapleg meir sjølvstendig enn dei andre fakulteta. Vi meiner at slike trekk vil gjere fakultetet smidig nok til raskt å opprette samarbeid både med andre fakultet og arbeids- og organisasjonsliv utanfor høgskulen. Vitskapleg sjølvstende og nytenking er også avgjerande for å gjere målet om universitetsstatus til røyndom.

Dei tre institusjonane som skal bli til nye HVL har til saman ei rekke einingar, program og prosjekt som er tufta på samarbeid etter ein kunnskapsområdemodell. Her skal vi berre peike på nokre av dei områda som vi kjenner til utan å ha ein systematisk gjennomgang å støtte oss til.

- HVL skal bli ein digital høgskule. Om dette skal bli ein realitet, trengst det ein modell for å organisere tverrgåande samarbeid mellom eit innovasjonsorientert utviklingsmiljø med spesialistkompetanse innan ikt og dei profesjonseiningane som vil vere kjernen i å setje denne ambisjonen i verk. Det kan fort bli for fragmentert dersom kvart fakultet skal arbeide med desse problemstillingane for seg. Vi viser her til prosjektet for fagleg profil sitt forslag om ikt som mulighetsskapande teknologi som tverrgåande satsing.
- HVL har ambisjonar om å utvikle eit PhD-program for innovasjon og nyskaping. I ein så variert organisasjon som HVL vil eit slikt program kunne profilere seg mot både marknadsinnovasjonar, innovasjonar i styring og forvaltning og i offentleg tenesteyting. Det krev involvering av ulike profesjonar, men også sektorovergripande einingar som kan utgjere kjernen i eit nyskapingprogram.
- HVL har også gode føresetnader for å utvikle tverrgåande fagmiljø og studieprogram for innovativ organisering og leing i profesjonssektorane. HiSF har i dag eit akkreditert masterprogram i organisasjon og leing som rekrutterer frå helse, velferd og utdanning. Programmet har opptak både i Sogn og Fjordane og Bergen, og det blir arbeidd med ein

avtale om å starte opp i Haugesund frå hausten 2017. Eit strategisk forskingsprogram er også knytt til dette fagmiljøet. HiB sitt masterprogram i innovasjon og leiing og HiSF sine masterprogram i samhandling og Climate Change Management inngår også i eit knippe av masterprogram som er retta inn mot å forbetre leiing og samhandling i sentrale samfunnssektorar. Leiarutdanningsprogram for skulen kjem i tillegg til desse. Dei nemnde programma kan ha nytte av å samle kreftene, men er i dag organisert både i samfunnsvitskaplege institutt, naturfagsinstitutt, øk.- adm.-institutt og profesjonsinstitutt.

- Fagmiljøa innan økonomi og administrasjon, som finst på alle dei fusjonerande høgskulane, representerer i seg sjølv ei organisering etter kunnskapsområdeprinsippet. Her samarbeider tilsette frå ulike disiplinær om utdanningsprogram som leier mot eit mangfald av yrke heller enn mot ein veldefinert profesjon. Dei leverer også kompetanse til fleire profesjonsutdanningar, særleg ingeniørfaga. Dessutan inngår dei i tverrgåande fagsamarbeid med både teknologar, naturvitarar og samfunnsvitarar. Ved HiSF kan vi nemne at det går for seg fleire prosjekt der øk.- adm., fornybar energi og historie samarbeider, anten to av områda parvis eller alle tre saman. Fagmiljøet innan fornybar energi er eit døme på eit miljø som treng både naturvitskapleg, økonomisk og samfunnsfagleg kompetanse.
- Disiplinfagmiljøa i historie, sosiologi og samfunnsfag er leverandørar av emne til lærarutdanningane. Gjennom sambruk mellom disiplinéfaga og samfunnsfag i lærarutdanninga, er lærarutdanninga i Sogndal sikra fagleg breidde og høg kompetanse. Mellom anna er samfunnsfag er eit av fordjupingsemna i Master i undervisning og læring. Dette hadde ikkje vore mogeleg utan denne sambruken.
- Disiplinfagmiljøa i historie, sosiologi og samfunnsfag er også involverte i andre tverrgåande prosjekt og aktivitetar. Eit døme er Ex Phil som no blir vurdert som obligatorisk tiltak for alle studentar i høgare utdanning (jfr prorektor Nina Waaler ved HiOA i Khrono 30.11.2016). Det er ISV som per i dag forvaltar kompetansen på dette området.
- Det bør vurderast om sosialfaga, som sjølve klart peikar på det samfunnsvitskaplege grunnlaget for sine utdanningar, høyrer til i dette fakultetet.

Denne opprekninga av tverrgåande samarbeid kunne gjerast lengre, men den oppgåva skal vi ikkje ta på oss her. Vi vil likevel peike på at det allereie er etablert potensielt sektorovergripande senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon, for nye medium, for folkehelse (mat, helse og fysisk aktivitet) og for maritim forskning. Det er altså eit stort potensiale for organisering etter

tverrgående kunnskapsområde i nye HVL. Dette kan ein møte på ulike måtar. Ein kan sjølvsagt tone ned det potensialet som finst og plassere dei nemnde aktivitetane under profesjonsfakulteta. Men dette vil neppe vere særleg framtidsretta.

Så finst det to andre alternativ. Det eine er å etablere senter og schools på nivå 2, og kople dei til ei strategisk leiing på institusjonsnivå. Dette kan vere ein tenleg modell dersom ein ønskjer ei sterk strategisk styring av aktiviteten.

Det andre alternativet er å etablere eit fjerde fakultet som samlar dei kunnskapsområdeorganiserte einingane og programma ved HVL. Dette vil også gje grunnlag for ei samla strategisk styring av denne aktiviteten, men då på dekannivå (nivå 2). Som den vesle gjennomgangen ovanfor syner, er det mange kunnskapsområde som kan vere kandidatar til å inngå i eit slik fakultet.

- *ISV vonar at prosjektgruppa/nemnda og styringsorgana i neste runde legg større vekt på å drøfte korleis HVL kan møte komplekse utfordringar gjennom ei hybrid organisering. Då må ein også vurdere på kva område ein bør organisere sterke utdannings- og forskingsmiljø på tvers av profesjonar og disiplin-fag, og korleis slike miljø kan stimulere til fornying og kvalitetsheving av utdanningstilbod og forskingsaktivitet.*

5. Prinsipp for inndeling nivå 3

Organisasjonseining: Institutt, School, Senter

ISV meiner det er grunn til å kome tilbake til prinsippa for inndeling på nivå 3 når inndeling på nivå 2 er avslutta. Vi har likevel følgjande kommentarar:

1. *Campusovergripande*: I utgangspunktet er vi positive til at einingar på nivå 3 skal vere campusovergripande. Slike institutt kan for dei store utdanningsområda likevel bli uoversiktlege. Spørsmålet er om ikkje institutt for grunnutdanningar bør vere knytte til ein campus, medan ein organiserer campusovergripande schools der samarbeid er naudsynt, td rundt masterutdanningar. Samordning mellom like utdanningar kan ivaretakast av ein programkoordinator, td ein programkoordinator for sosionomstudiet eller barnevernsstudiet på tvers av campusar.
2. *Store institutt*: Som det går fram av fråsegna vår, meiner vi at dette ikkje utan vidare er eit godt prinsipp. Dette er også ein av grunnane til at vi i punkt 4 ovanfor argumenterer for eit fjerde fakultet.
3. *Kapasitet til eit masterprogram*: ISV meiner at alle institutt må kunne ha kapasitet til å

delta i eit masterprogram. Det bør ikkje vere eit absolutt krav at alle institutt må ha kapasitet til å eige/drive eit heilt masterprogram.

4. *Studenten i sentrum*: Universitet og høgskular har minst tre primæraktivitetar: Utdanning, forskning og formidling. ISV er heilt klart samd i at studenten skal vere i sentrum og i stor grad få stetta sine faglege behov på instituttet. Institutta bør samstundes ha ei fagmiljø av aktive forskarar som kan bidra inn mot forskingsbasert undervisning og forskning og formidling regionalt, nasjonalt og/eller internasjonalt.
5. *Noko friedom av organisasjonsform*: Sjå kommentar prinsipp 1.
6. *Studentnære administrative funksjonar til stades på institutta*: ISV meiner det er viktig at administrative funksjonar på institutta. Dette er viktig både for institutt med meir disiplindeflagleg orienterte utdanningstilbod og for praksisorienterte utdanningar.
7. *Understrukturar på nivå 4*: Dette har vi ikkje tatt stilling til så langt. Dette må organisasjonen få kome tilbake til i neste runde.

6. Leiarstruktur

Denne høyringsfråsegna frå ISV har prioritert ei drøfting av den faglege organiseringa.

Høyringsfristen har ikkje gitt oss høve til ei grundig drøfting av prinsippa for leiing. Vi har likevel nokre prinsipielle kommentarar som har stor tilslutning på instituttet.

- ISV er uroa for at HVL får eit *topp-tungt leiarskap*
- Dersom HVL skal ha mange mellomleiarar og administratorar av ulike slag som skal mediere mellom ulike nivå og campus, kan dette bli eit *ressurssluk*. Sidan nokre av fakulteta vil ha liten variasjon i typen utdanning som blir drive, bør prosjektgruppa vurdere om desse kan ha ein annan leiarstruktur enn fakultet som inneheld eit større spekter av utdanningar.
- Det er *uklart kva type leiarskap ein vil få på dei ulike campus*. Sidan institutta er meint å vere geografisk overgripande, betyr dette at leiarmyndene på nivå 3 blir flytta langt frå grasrota. Dette vil resultere i store kontrollspenn og krevjande utfordringar knytt til geografisk avstand. Vi finn det uheldig at rapporten brukar 7- 8 sider på leiarskap på nivå 1 - 3, men berre 4 linjer pluss ein fotnote på nivå 4 (s. 40). HVL kan lære av erfaringane i to-nivå organiserte kommunar. Leiarar som har fått store kontrollspenn står i skvis mellom

topp og botn, og leiarar og teamleiarar med fagleg ansvar står utan mynde. Vi saknar ei tydelegare problematisering og konkretisering av lokalt leiarskap på nivå 4, og kva ansvar og mynde som skal finnast her.

- Med omsyn til råd og utval er vi av den meining *at fakultetsråd ikkje er tenleg* i ein organisasjon med store fakultet. Ut i frå tidlegare erfaring i HiSF vil dei fungere dårleg utan avgjerdsmynde og i kombinasjon med einskapleg leing.

INSTITUTT FOR BARNEVERN, SOSIALT ARBEID OG VERNEPLEIE

VED INSTITUTTLEIAR UNNI AASEN

Kap 2

Er premissane og inngangen tydeleg og meningsfull?

Ja

Er modelltypene - profesjon vs. kunnskapsområde - tilstrekkeleg forklarte?

Høyringsnotatet framstiller valet av organisasjonsform som eit val mellom to prinsipielt ulike grunnmodellar for fagleg organisering, ein profesjonsmodell og ein kunnskapsområdemodell. Modelltypen «profesjon» er gjort bra greie for, men modelltypen «kunnskapsområde» er mangelfullt utgreidd. Det er særleg vanskeleg å sjå kva konsekvensar modelltypen knytt til kunnskapsområde betyr for ein firefakultetsmodell. Ein firefakultetsmodell må greiast betre ut.

Profesjon vs. kunnskapsområde på nivå 2 – kva modell vil vere best for at HVL skal nå sine mål?

Overordna mål for HVL (Høyring s 12)

- Bygge sterkare og meir solide fag- og forskingsmiljø som set spor både nasjonalt og internasjonalt

Det krev ein viss størrelse på fagmiljøa dersom ein skal nå opp med forskning nasjonalt og internasjonalt. Krav og retningslinjer i søknader om forskingsmidlar i t.d. NFR og EU viser dette. Kunnskapsområdemodellen er den modellen som opnar best for nyskaping, dynamikk og samarbeid på tvers. IBSV ser kunnskapsområdemodellen som ein modell der flest miljø vert involvert og som kan skape ei fagleg breidde som våre fag treng.

- Ta ein nasjonal leiarposisjon på områder der vi er gode og der vi som ny institusjon kan byggje oss vidare opp.

Høgskulane i den nye HVL har utdanningar som er retta mot lokale behov der profesjonsutdanningane er ein stor og viktig aktør. Utdanning av profesjonsutøvarar er primærverksemda ved dei tre utdanningsinstitusjonane. BSV utdanningane ved HiSF viser i evalueringar at det er høg studenttilfredsheit og god gjennomstrøyming (blant landets beste). Gode utdanningar som rekrutterer studentar nasjonalt er ein føresetnad for at anna aktivitet skal vere liv laga. Forskningsbaserte utdanningar som er i stand til å ta opp i seg behova for endring er ein føresetnad for at vi skal kunne løyse framtidige behov innan helse – og sosialtenestene. Desse utfordringane krev ei tverrfagleg tilnærming. Kunnskapsområde-modellen er tverrfagleg organisert og møter viktige samfunnsutfordringar. For å få ein nasjonal leiarposisjon er det viktig at det vert etablert doktorgradsprogram som byggjer opp kompetansen rundt BSV utdanningane.

- Vidareutvikle studiestadane slik at regionrolla vert teken betre vare på enn i dag

IBSV utdanner om lag 120 -130 kandidatar kvart år som går ut i arbeid innan helse- og sosialtenestene. Vi er derfor ein svært viktig bidragsytar i utviklinga av helse- og sosialtenestene i regionen.

- Svare betre på omstillings og endringsbehova som vil komme

Sosialarbeidarutdanningane er viktige for å ivareta framtida sine behov for helse- og sosialtenester i regionen. Dette er tenester som står framfor store utfordringar. HiSF er den einaste høgskulen i fusjonssamarbeidet som har

barnevernspedagogutdanning. Merksemda knytt til barnevern og utfordringar her viser at det vert særst viktig at vi satsar på utvikling av denne utdanninga.

HiSF er og den einaste høgskulen i fusjonssamarbeidet som har deltidsutdanningar i vernepleie. Dette er utdanningar som gjev eit tilbod til ei anna søkjargruppe enn dei som søker på heiltidsutdanningane og er viktig for kompetansehevinga i kommunane. Teneste til menneske med funksjonsnedsetjing er ei svært sårbar gruppe og deltidsutdanninga i vernepleie er ein viktig bidragsytar i kompetansehevinga i dette feltet. Studentgruppa ved deltidsutdanninga er folk som er i jobb under utdanninga og som fortset i sine stillingar i helse- og sosialtenestene.

Utvikling av nye metodar, ny kunnskap m.m. i eit stadig meir komplekst og utfordrande praksisfelt, krev at ein tenkjer nytt og at ein samarbeider tverrfagleg. For å kunne svare på omstillingsbehova ein står føre innan helse- og sosialtenestene er det kunnskapsområde-modellen som trekkjer opp nokre viktig liner og som er den modellen som verkar mest nyskapande og tverrfagleg.

Skal HVL ha meir enn 3 fakultet?

Slik høyringa framstiller fakultetsinndelinga er tilrådinga at det skal vere tre fakultet. Alternativet med fire fakultet er diverre ikkje greidd ut slik at det vert eit realistisk alternativ.

Når det gjeld utvikling av fag og forskingsmiljø som skal vere konkurransedyktige innan forskning, så ser vi at det er viktig med store einingar. Skal vi imidlertid også vere konkurransedyktig innan undervising og utviklingsarbeid, er det ikkje tenleg med for store einingar. Då er det behov for kort veg mellom student og tilsette ved utdanninga og ein effektiv administrasjon.

Det er delte meiningar om fakultetsinndelinga ved IBSV. Tyngda av utdanningane kviler på eit sosialfagleg grunnlag, samstundes som det helsefaglege er ein viktig dimensjon i vernepleie-utdanninga. Det er såleis avgjerande viktig at det sosialfaglege får ei organisering som gir grunnlag for fagutvikling på lik linje med det helsefaglege. Med dette som bakteppe går tyngda av dei tilsette inn for tre

fakultet, der helse- og sosialfaga inngår i eit fakultet saman med disiplinfaga innanfor samfunnsfag.

Bør fakulteta ha omtrent same storleik

Nei. Lik storleik på fakulteta må vere underordna at organiseringa skal fremje faglege mål.

Uansett fakultetsinndeling er det viktig at alle fagområde har utviklingsmogelegheiter knytt til både master og PhD program. Innan t.d. helse- og sosial så har helse ein svær dominans både på grunn av størrelse og på grunn av at dei har høgare forskingsaktivitet. I ei organisering med helse- og sosialfaga i eit stort fakultet er det viktig at strategiar og satsingsområde tek i vare og utviklar det sosialfaglege på lik linje med det helsefaglege.

Er forslaga til namn på fakulteta dekkjande, har de alternative namn

I høyringa er det sagt at nemninga i hovudsak skal gje mening for framtidige studentar. Nemninga slik den er no syner ikkje fram sosialfaga. Forslag til namn:

- Fakultet for helse- og sosialvitskap eller
- Fakultet for velferd

I understrukturen kan ein ha institutt for sjukepleie, institutt for barnevern, sosialt arbeid og vernepleie, osv.

Er disiplinfaga si rolle i HVL ivareteke med 3 fakultet?

Vi viser her til høyringssvara frå våre disiplinfagmiljø. I ein modell med tre fakultet så ynskjer vi at helse- og sosialfagutdanningane samt samfunnsfag og disiplinfaga skal høyre til i same fakultet. Dei samfunnsfaglege disiplinane har vore og er viktige for utdanningane i barnevern, sosialt arbeid og vernepleie. Sosiologi og samfunnsfag er integrert i alle dei tre profesjonsutdanningane.

For å ivareta målsetjinga i fusjonsplattforma knytt til å styrke utdanningane og forskinga er det viktig at ein får til godt samarbeid med sentrale fagområde. Disiplinfaga er eit slikt fagområde for våre utdanningar.

Kap 4	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
	<p><u>Er prinsippa for nivå 3 dekkjande for å realisere fusjonsambisjonen?</u></p> <p>Ja.</p> <p><u>Er prinsippa for smale eller for vide?</u></p> <p>Prinsippa slik dei står no gjev handlingsrom</p>
Kap 5	<p>Bruk spørsmål framfor, eller kommenter ut frå egne behov</p>
	<p><u>Skal ein ha reint rektorat eller skal toppleiinga og ha leiarar med særleg administrativ kompetanse og ansvar?</u></p> <p>Einskapleg leiing er det som er bestemt for HVL. For at dette skal verte mest mogleg tenleg, er det viktig at rektorat og toppleiing består av rektorar og dekanar. Administrasjonen vert teke inn i leiinga ved behov.</p> <p><u>Høyringsutkastet foreslår at det skal vere prodekanar – og skisserer ulikt ansvarsområde for desse (speile prorektor, geografisk/nærregion, støtte for dekan, etter dekanens behov) – kva er mest tenleg?</u></p> <p>Det må vere prodekanar med gjennomgåande ansvarsområde. For å ha ein effekt av fusjonssamarbeidet bør det vere knytt til ansvarsområde på tvers av campusa og ikkje geografisk forankra.</p> <p><u>Er prinsippa for leiing på nivå 3 tydelege nok for vidare operasjonalisering?</u></p> <p>Ja</p>